

Til elever og foresatte

Informasjon om vaksinasjon mot difteri, stivkrampe, kikhoste og polio (DTP-IPV-vaksine)

I det nasjonale barnevaksinasjonsprogrammet får elevar i 2. klasse (7–8 års alder) tilbod om ein oppfriskingsdose av vaksine mot difteri, stivkrampe, kikhoste og polio. I barnevaksinasjonsprogrammet gir ein tre dosar med slik vaksine i løpet av det første leveåret til barnet. For å sikre godt vern på lang sikt gir ein no tilbod om oppfriskingsdose. Elevane vil få tilbod om ein ny oppfriskingsdose mot dei same sjukdomane i 10. klasse.

Om sjukdomane

Difteri er ein akutt infeksjon i øvre luftvegar som skuldast difteribakteriar. Bakteriane dannar giftstoff som gir stor heving i slimhinnene i halsen slik at det blir vanskeleg å puste. Giftstoffa kan også gå til åtak på hjarte-, nyre- og nervevev. Sjukdomen kan vere dødeleg, og finst i delar av Europa og i andre verdsdelar.

Stivkrampe (tetanus) skuldast ein bakterie som kan finnast i jordsmonn. Bakterien dannar giftstoff som går til åtak på nervesystemet og gir muskelstivleik og smertefulle krampar. Smitte kan skje når bakterien kjem i kontakt med sår. Sjukdomen har høg dødelegheit, men smittar ikkje frå person til person. Stivkrampe er sjeldnare i Norden enn i varmare strok.

Kikhoste (pertussis) er ein luftvegsinfeksjon med langvarige (6–12 veker) og kraftige hosteanfall. Kikhoste kan føre til pustestans hos spedbarn og små barn, hjerneskade som følgje av oksygenmangel, og i sjeldne tilfelle til død. Også hos større barn og vaksne kan sjukdomen gi langvarige plager. Sjukdomen er svært smittsam – nær 100 % fekk sjukdomen før vi begynte å vaksinere.

Poliomyelitt er ein virusjukdom som vanlegvis gir forkjølingssymptom, smerter i kroppen eller magesjuka. Sjukdomen kan gi hjernebetennelse (encefalitt) og kan føre til varige lammingar. Dødsfall førekjem. Noreg er i dag poliofritt, men uvaksinerte personar kan bli smitta under reiser og dermed smitte andre uvaksinerte etter heimkomst.

Om vaksinen

Vaksinen som blir brukt heiter Tetravac. Ved leveringsproblemar på Tetravac er det den identiske vaksinen Tetraxim som blir brukt (same produsent, same innhaldsstoff). Vaksinen kan hos nokre gi forbigåande raudleik, smerter og heving på stikkstaden. Nokre får lett feber. Meir informasjon om eventuelle biverknader etter Tetravac/Tetraxim finst på nettsidene til Direktoratet for medisinske produkter – Legemiddelsøk.

Før vaksinasjon – hugs å informere helsesjukepleiar

Gi beskjed om barnet har allergi eller har hatt ein alvorleg allergisk reaksjon (uansett årsak). Gi òg beskjed dersom barnet har blitt vaksinert mot stivkrampe det siste året eller får allergivaksine (hyposensibilisering).

For vaksinar i barnevaksinasjonsprogrammet er det tilstrekkeleg med samtykke frå ein av foreldra, eller andre som har foreldreansvar «Lov om pasient- og brukerrettigheter §4-4».

Les mer om barnevaksinasjonsprogrammet: [Vaksiner til barn](#)